
Fra: Christian H. Reinshol
Sendt: 7. juli 2014 10:07
Til: 'aashild.herland@gmail.com'
Kopi: Arnold Matre
Emne: Svar på spørsmål til planarbeid reguleringsplan Storemyra

Hei,

Me viser til din førespurnad datert 13.06.2014, knytt til vurdering av behov for konsekvensutgreiing av reguleringsendringa for Storemyra næringspark . Når det gjeld vurdering av behov for konsekvensutgreiing, er dette ei vurdering som vert gjort av kommunen i samband med oppstartsmøtet. Her vert tiltaket sit omfang vurdert, og ein ser på kva verknader og verdiar som vert berørt av tiltaket. Når ein i dette tilfellet fråviker krav om konsekvensutgreiing så er det her snakk om at ein ikkje ser behov for at ein skal utarbeide eit planprogram som skal på høyring i forkant av utarbeidinga av planen. Ein har vorte einig om at verknadene av tiltaket skal verte grundig gjennomgått i planmaterialet som vert levert inn, tilsvarande ei vurdering som vil bli gjort i ein vanleg konsekvensutgreiingsprosess.

Når planframlegget er motteke hjå kommunen, vil administrasjonen gå gjennom framlegget og dei vurderingane forslagsstillar har gjort. Om administrasjonen finn dette tilstrekkeleg vil saka kome opp til politisk handsaming og bli sendt på høyring. Då vil einkvar ha høve til å kome med innspel knytt til vurderingane av konsekvensar av tiltaket. Etter høyringsperioden vil administrasjonen igjen gå gjennom saka og merknadane før ein fremjar saka politisk att for endeleg vedtak.

Så konklusjonen her er at omsyna knytt til konsekvensvurdering vil verte teke i vare gjennom planmaterialet som skal leverast inn, men at ein går utanom ein prosess med utarbeiding av planprogram og høyring av dette. På denne måten vert framleis omsyna knytt til konsekvensutgreiing teke i vare etter administrasjonens vurdering, samstundes som ein sørgjer for framdrift for tiltakshavar.

Håper dette var oppklarande i høve konsekvensutgreiing av tiltaket.

Venleg helsing

Christian Hagerup Reinshol
Arealplanleggar / Klimarådgjever
Areal- og miljøeininga
Lindås kommune